FORSVARSBYGG

ÅRSRAPPORT 2017

VI BYGGJER
FORSVARSEVNE
KVAR DAG

www.forsvarsbygg.no

INNHALD

KAPITTEL 1
Rapport frå leiaren *s. 04*

KAPITTEL 2
Introduksjon til verksemda og nøkkeltal *s. 08*
Forsvarsbygg sitt samfunnsoppdrag s. 10
Organisasjon og leiing s. 10
Samarbeid med andre s. 11
Måla våre s. 11
Nøkkeltal s. 11
Bygningsmassen s. 11
Organisasjonskart s. 12

KAPITTEL 3
Årets aktivitetar og resultat *s. 14*
Samla vurdering s. 16
Mål L1 s. 17
Mål L2 s. 18
Mål L3 s. 20
Mål Ø1 s. 22
Mål I1 s. 23
Rapport for ressursbruk s. 25
Bemanningssituasjonen vår s. 25
Digitalisering s. 26

KAPITTEL 4
Styring og kontroll *s. 28*
Styringssystem s. 30
Mål- og resultatstyring s. 30
Utfordrande målområde s. 30
Riksrevisjonen s. 30
Risikostyring og internkontroll s. 30
Integritetsbygging s. 31
Tryggleik og beredskap s. 31
Informasjonstryggleik s. 31

KAPITTEL 5
Framtidsutsikter *s. 32*
Mål L1 s. 34
Mål L2 s. 34
Mål L3 s. 34
Mål Ø1 s. 35
Mål I1 s. 35

KAPITTEL 6
Årsrekneskap *s. 36*
Leiingskommentar til årsrekneskapen for 2016 s. 38
Årsrekneskap med notar s. 39

VI ER DER FORSVA

RET ER

DEI STORE TALA

8,5
Forsvarsbygg omsette for 8,5 milliardar kroner.

394
Forsvarsbygg hadde 394 aktive investeringsprosjekt i ulike fasar.

705
Forsvarsbygg selde forsvarseigedom for 705 millionar kroner i 2017.

2 918 802
Totalt har Forsvarsbygg avhenda 2 918 802 kvadratmeter.

36 075
36 075 kvadratmeter. vart avhenda i 2017.

4 098 253
Forsvarsbygg forvaltar ein bygningsmasse på 4 098 253 kvadratmeter.

13 096
Forsvarsbygg forvaltar 13 096 bygg og anlegg i heile landet.

3,8
3,8 millionar menneske besøkte festningane.

9,3
I 2017 har Forsvarsbygg redusert energiforbruket med 9,3 GWh Dette kjem på toppen av reduksjonen på 136 GWh i perioden 2012–2016

133 150
Forsvarsbygg selde totalt 133 150 rådgjevingstimar innan sikring av bygg, kulturminnevern og avhending.

1

LEIAR SI ÅRSMELDING



I 2017 har vi levert godt på alle mål. Parallelt har vi gjennomført den største interne omstillinga på 12 år for å effektivisere verksemda vår og frigjere ressursar til høgare prioriterte oppgåver i forsvarssektoren.

VI BYGGJER FORSVARSEVNE KVAR DAG

2017 HAR VORE EIT GODT, MEN KREVJANDE ÅR

Vi har hatt høg aktivitet gjennom året og har levert tilnærma like gode resultat som i fjor, med færre tilsette. Parallelt har vi omorganisert heile verksemda vår for å møte ambisjonane om å bidra til at Forsvaret får ein berekraftig struktur og relevant kampkraft for framtida, i tråd med forsvarssektoren sin langtidsplan (2017–2020). Vi har redusert leiings-, stab- og støttefunksjonar gjennomgåande i heile verksemda, kraftsamla fagmiljø og innført Leanmetodikk gjennom eit eige flyt-program som verktøy for kontinuerleg forbetring av arbeidsprosessane våre. Gjennom streng bemanningsstyring sikra vi at verdifull kompetanse vart overført frå støttefunksjonar til produksjonsmiljø, og vi unngjekk dermed overtallgheit. Vi skal spare ein kvart milliard kroner til høgare prioriterte oppgåver i sektoren innan utgangen av 2020. Resultata for 2017 viser at vi er i rute i samsvar med planen vår for dette. Digitalisering, standardisering og effektivisering av innkjøpsorganisasjonen vår vil i åra framover vere sentrale innsatsfaktorar for det vidare effektiviseringsarbeidet.

EIN BEREDSKAPSORGANISASJON

Målbiletet vårt er endra frå 2017. Vi har blant anna fått eit nytt leveransemål knytt til å stø opp om forsvarssektoren si operative evne og beredskap. Eigedom, bygg og anlegg (EBA) er ein sentral innsatsfaktor for Forsvaret sine operasjonar, og Forsvarsbygg skal framover levere godt også i krise og krig. I løpet av året har vi fått beredskapsplanverket vårt på plass, vi har hausta viktig læring gjennom vår deltaking i Forsvaret si øving GRAM / Trident Javelin, interne kriseøvingar og som deltakarar i planlegginga av den komande store øvinga hausten 2018: Trident Juncture. Vi er godt i gang med å fylle rolla som beredskapsorganisasjon, men vi er framleis i ein diskusjon rundt kor langt vi kan involvere sivilt personell i beredskapsstrukturen.

FORNYING OG AUKA OPERATIV EVNE FOR FORSVARET

Byggjeprosjekt for om lag 3 milliardar kroner vart gjennomført i 2017, til avtalt kvalitet og innanfor dei gjevne rammene. Vi ferdigstilte 35 investeringsprosjekt, blant anna nye bygg for redningshelikoptertenesta og 330 skvadronen på Banak, Ørland og Sola, ein ny skule for Luftforsvaret på Sørreisa og ny brannstasjon på Bardufoss flystasjon. Kampflybasen på Ørlandet er det viktigaste byggjeprosjektet vårt, og vårt største utviklingsprosjekt nokosinne, med ei omsetning på over 10 millionar dagleg for å halde planlagt framdrift. I 2017 vart nødvendige EBA-fasilitetar ferdigstilte og overleverte i tide til mottak av Noregs første F-35 fly.

Prosjektet går hovudsakleg etter planen, med unntak av mindre forseinkingar innanfor delar av ammunisjonsfasilitetar og hangarar. I løpet av året har vi også overlevert mogleigheitsstudie og alternativanalyse for Evenes som flystasjon. Framdriftsplanen er svært stram, og eventuelle forseinkingar knytte til prosessen med konseptvalutgreiinga vil påverke framdrifta på prosjekt under planlegging. I 2017 har vi også sett i gang planarbeid for store EBA-investeringar på Haakonsvern i samband med nye undervassbåtar. Som følgje av den tryggingspolitiske situasjonen har vi for heile verksemda auka ressursinnsatsen mot prosjekttryggleik, og graderte anskaffingar og informasjonstryggleiksstyring er eit viktig satsingsområde framover.

UTVIKLING OG VERDIBEVARING

Med over 13 000 bygg og anlegg spreidde over heile landet forvaltar vi den største offentlege eigedomsporteføljen i Noreg. Å finne ein god balanse i porteføljen slik at EBA faktisk er den innsatsfaktoren Forsvaret treng for verksemda vår, er den viktigaste leveransen vår. I 2017 har vi prioritert verdibevarande ressursar særskilt på EBA som blir vidareført i Forsvaret sin framtidige basestruktur og som gjev best

effekt på den operative evna. Samtidig er det ei utfordring å halde oppe tilstandsgraden på forsvarssektoren sin bygningsmasse. I 2017 seld vi forsvarseigedom for 705 millionar kroner, noko som var ein monaleg auke samanlikna med året før. Myntgata 2 kvartalet i Kvadraturen i Oslo utgjorde det største salet, og det er også selt eit vesentleg tal bustader. Sektoren har framleis behov for å kvitte seg med mykje EBA i åra framover for å finansiere fornying i den offensive investeringsplanen fram mot 2020 og for å sikre ein berekraftig økonomi for forsvaret i framtida. Vi vil derfor ha eit sterkt fokus på avhendingsverksemda vår i dei komande åra. Like eins må vi auke produksjonskapasiteten vår for å kunne levere på investeringsplanen fram mot 2020.

Over 3,8 millionar besøkte festningane i 2017, noko som gjer festningane til nokre av dei mest besøkte reisemåla i Noreg. Målet om å auke verdiskapinga for den enkelte festninga gjennom destinasjons- og forretningsutvikling er krevjande. Eit tiltak for å møte denne utfordringa er at vi frå 1. mai 2018 integrerer festningane i den ordinære driftsorganisasjonen vår.

VI TEK SAMFUNNSANSVAR

Utbygginga av den nye kampflybasen vedkjem rundt halvparten av befolkninga på Ørland, anten det gjeld grunnerverv, innløysing eller støytiltak. I 2017 er vi i rute i med dette arbeidet. Prosessar knytt til hus og gardsbruk er krevjande for dei det gjeld, og god dialog og tillit er avgjerande. I den fasen prosjektet er i no, har vi etablert eit prosjektkontor utanfor flystasjonen på Brekstad, som gjer det enklare for ørlendingane å kome i direkte kontakt med oss. I 2017 har vi starta omfattande miljøkartleggingar både på Bodø flystasjon og på Kjeller ved Lillestrøm. Viktig førebuande arbeid for framtidig byutvikling til det beste for samfunnet. I Bodø skal totalt 5 millionar kvadratmeter bli til «ny by, ny flyplass», på Kjeller skal over 1 million kvadratmeter seljast når Forsvaret flytter i 2023. Den tryggingspolitiske situasjonen gjev også større krav til vern og sikring enn tidlegare. Vår fortifikatoriske kompetanse er viktig for Forsvaret og unik i staten. Vi blir derfor stadig meir brukte som rådgjevarar om vern og sikring av bygg og anlegg også i andre samfunnskritiske eigedomsprosjekt, på oppdrag frå offentlege verksemder. Den unike kompetansen vår er gjord tilgjengeleg for andre gjennom kurstilbod og Sikringshåndboka – som i 2017 hausta den internasjonale tryggleiksprisen «The Outstanding Security Performance Award (OPSA)».

FORSVARLEG FORVALTNING

Forsvarsbygg har levert eit godt økonomisk resultat innanfor ramma av forsvarleg forvaltning og krava sektoren har til haldningar, etikk og leiing. I 2017 vart vi nominerte til «Betre stat-prisen» for forbetringar i økonomistyringa vår. I dei komande åra skal vi fortsetje å skape gode resultat gjennom forsvarleg forvaltning, evna til systematisk læring, forbetring av arbeidsprosessar og standardisering av leveransane våre. Riksrevisjonen hadde ingen merknader til rekneskapen til Forsvarsbygg for 2016.

Forsvarsbygg har bidrege godt til å byggje forsvarsevne i 2017. I det komande året skal vi rigge oss ytterlegare for å levere på ambisjonane om auka kampkraft og berekraft i forsvarssektoren.

Svein Thorbjørn Thoresen
DIREKTØR FORSVARSBYGG

2

INTRODUKSJON TIL VERKSEMDA OG HOVUDTAL

STORTINGET

FORSVARSDEPARTEMENTET

FORSVARET

FORSVARS-
MATERIELL

FORSVARETS
FORSKINGS-
INSTITUTT

FORSVARSBYGG

NASJONAL
SIKKERHEITS-
MYNDIGHEIT

Forsvarsbygg er ein etat i forsvarssektoren.

Forsvarsbygg er eit statleg forvaltningsorgan som ligg under Forsvarsdepartementet. Vi utviklar, byggjer, driftar og avhendar eigedom for forsvarssektoren.

FORSVARSBYGG SITT SAMFUNNSOPPDRAG

Den viktigaste oppgåva Forsvaret har, er å forsvare landet vårt. Forsvarsbygg skal sørgje for at Forsvaret har effektive og fleksible fasilitetar for å øve, lære og bu. Innanfor alle delar av verksemda skal det veljast kostnadseffektive løysingar som gjer at vi frigjer ressursar til å styrkje Forsvaret si kjerneverksemd. Slik bidreg vi til å byggje forsvarsevne, kvar einaste dag. Rådgjeving innan sikring av bygg, kulturminnevern og avhending er også viktige bidrag til å frigjere midlar for å styrkje den operative evna til Forsvaret. Ringverknadene av aktivitetane til Forsvarsbygg treffer innbyggjarane i heile Noreg, både i og utanfor Forsvaret.

Den husleigebaserte forvaltningsmodellen til forsvarssektoren synleggjer kostnadene for eigedom, bygg og anlegg (EBA) og gjer forvaltninga effektiv. Forsvarsdepartementet eig eigedomane som forsvarssektoren bruker, og avgjer korleis desse skal brukast og utviklast. Forsvarsbygg har ansvaret for å utvikle, byggje, vedlikehalde og drifte EBA som forsvarssektoren betaler leige for. Forsvaret er leigetakar og brukar. Dei prioriterer ut frå sine behov og stiller krav. Forvaltningsmodellen er vedteken av Stortinget.

VI PLANLEGG, BYGGJER, FORVALTAR OG DRIFTAR

Forsvarsbygg varetek EBA-en til forsvarssektoren. Vi sørgjer for alle oppgåver knytte til utvikling, bygging, utleige, eigedomsforvaltning, drift og vedlikehald.

VI VERNAR OG SIKRAR BYGG OG ANLEGG

Nasjonalt kompetansesenter for sikring av bygg (NKSB) er ein eigen seksjon i Forsvarsbygg. NKSB er rådgjevaren staten bruker for vern og sikring av EBA mot eksplosjonsulykker, terrorhandlingar, spionasje, sabotasje og annan kriminalitet. Kompetansesenteret leverer tryggingsfagleg rådgjeving til alle større byggjeprosjekt i forsvarssektoren og staten elles.

VI TEK VARE PÅ KULTURMINNE

Både verna og ikkje-verna bygningsmasse utgjer ein stor samfunnsmessig ressurs med mykje potensial. Den kulturminnefaglege rådgjevinga vår bidreg til løysingar for å vareta kulturminneinteresser og sameine verneomsyn med optimal bruksfunksjon. Vi gjev råd til heile den offentlege sektoren.

VI AVHENDAR EIGEDOM

Forsvarsbygg avhendar militære eigedomar som Forsvaret ikkje lenger treng. Avhendinga omfattar alt frå sal til miljøopprydding, tilrettelegging for sivil bruk og prosessen fram til nye eigarar tek over. Dette tilfører midlar til forsvarsbudsjettet og fritek forsvarssektoren for framtidig drifts- og oppryddingsansvar.

VI SKAPER NYTT LIV PÅ HISTORISK GRUNN

Forvaltninga av dei nasjonale festningane handlar om å gjere festningane tilgjengelege for publikum heile året. Vi legg til rette for utvikling av festningane i ein forretnings- og samfunnsmessig balanse som er verdiaukande og med mål om auka sjølvfinansiering.

VI TEK VARE PÅ MILJØET

Forsvarsbygg har eit særleg ansvar for miljøutfordringane i forsvarssektoren. Vi har den fremste kompetansen i landet på miljøutfordringar innanfor forureining og støy frå militær aktivitet og øvingar. Stadig meir spesialiserte krav for sektoren blir ivaretekne og oppfylte.

ORGANISASJON OG LEIING

Forsvarsbygg er i dag den største offentlege eigedomsaktøren i Noreg. Vi varetek behova til Forsvaret gjennom planmessig vedlikehald og fornying av den totale eigedomsporteføljen med 13 096 bygg og anlegg, på totalt 4 098 253 kvadratmeter bygningsmasse, fordelt over heile landet. I 2017 omsette vi for 8,5 milliardar kroner. Sidan 2001 har vi avhenda over 2,9 millionar kvadratmeter uhøveleg eigedom. Sal av eigedom har gjort at sektoren har fått tilbakeført 4,6 milliardar kroner netto til å styrkje den operative evna til Forsvaret. Vi har 1266 tilsette fordelte på 1228 årsverk. Vi er til stades der Forsvaret er, i 348 av dei 428 kommunane i landet. Hovudkontoret vårt er i Oslo. Byggje- og rehabiliteringsprosjekta våre spenner breitt frå bustader, forlegningar og kontorbygg til ny kampflybase med støttefunksjonar og infrastruktur. På Bardufoss er ny helikopterbase og brannstasjon på plass, og på Haakonsvern byggjer vi nytt bygg for ei av dei spesialiserte avdelingane i Forsvaret. Prosjekta gjennomførast innan vedtekne rammer for økonomi, tid og kvalitet. I 2017 hadde vi om lag 390 større og mindre investeringsprosjekt i ulike fasar over heile landet. Vi investerer for om lag 3 milliardar kroner i 2017.

SAMARBEID MED ANDRE

Vi samarbeider tett med andre etatar i sektoren, mellom anna om forsking og utvikling på sikring av EBA. Vi har rammeavtalar med profesjonelle aktørar i EBA-bransjen knytte til byggjeprosjekta våre, og alle innkjøpa er gjort etter konkurranse i marknaden.

MÅLA VÅRE

- L1 Stø opp om forsvarssektoren si operative evne og beredskap
- L2 Langsiktig vidareutvikling av eigedomsporteføljen
- L3 God forvaltning av EBA i forsvarssektoren
- Ø1 Målretta og effektiv bruk av midlar
- I1 Kontinuerleg forbetring og effektivisering

For å nå desse måla har vi sett oss fire interne mål i tillegg. Desse måla blir varetekne av etatssjef og blir ikkje rapporterte til Forsvarsdepartementet.

- Miljøriktig planlegging, utvikling og forvaltning og avhending av EBA i forsvarssektoren
- Sikre omdømme, posisjon og gode kunderelasjonar
- Vere ein attraktiv arbeidsplass
- Riktig kompetanse til rett tid: Kapasitet, kompetanse, leiing og kultur.

Målbiletet for 2017 er endra som følgje av ny langtidsperiode 2017–2020.
Ei samanlikning med tidlegare år må derfor ta omsyn til desse endringane.

BYGNINGSMASSEN



Administrasjon- og stabsanlegg	14,2 %
Velferds- og fritidsanlegg	2,9 %
Forlegningar og messer	18,3 %
Bustader	7,1 %
Lager- og vedlikehaldsanlegg	28,4 %
Basisanlegg	1,5 %
Utdannings- og øvingsanlegg	5,8 %
Strids- og forsvarsanlegg	18,6 %
Andre EBA	3,3 %

NØKKELTAL 2013–2017

	2017	2016	2015	2014	2013
Talet på årsverk	**1228**	1297	1581	1556	1523
Samla tildeling post 01-99 (millionar kroner)	**7 230**	7 331	6 132	5 953	6 012
Utnyttingsgrad post 01-29	**97,8 %**	102,7 %	102,2 %	98,4 %	99,1 %
Sum driftskostnader (millionar kroner)	**5 408**	5 787	5 345	5 455	5 388
Delen investeringar	**46 %**	44,4 %	39,5 %	41,1 %	37,9 %
Lønsdel av driftskostnader	**15 %**	16,3 %	20,2 %	20,8 %	19,6 %
Lønskostnader per årsverk (heile tusen)*	**680**	727	684	731	695
Seld forsvarseigedom for (millionar kroner)	**705**	355	241	307	447
Investeringsaktivitet i eigne bygg og anlegg (millionar kroner)	**2 489**	2 634	2 598	2 848	2 311
Driftsresultat overført til Forsvarsdepartementet (millionar kroner)**	**-338**	652	936	825	836

*I 2016 slutta vi å levere reinhaldstenester til Forsvaret. Snittløn kan difor ikkje samanliknast med tidlegare år.
**Endringa frå 2016 kjem av avvikling av kapitalelement på husleiga til Forsvaret.

ORGANISASJONSKART

DIREKTØR

Svein Thorbjørn Thoresen

STABAR

EIGEDOMSSTYRING

Haakon Øberg

VERKSEMDSSTYRING OG ØKONOMI

Marit Jakobsen Leganger

AVDELINGAR

KAMPFLYBASE

Olaf Dobloug

PROSJEKT OG AVHENDING

Dali Stensrød Juuhl FUNG. FRÅ MAI 2017

Erik Øimoen T.O.M. MAI 2017

EIGEDOMSFORVALTNING

Camilla Mathiesen FUNGERANDE

David Halvorsen I PERMISJON

RESSURSSENTER

Linn Rålien Westersø

Steinar Lie T.O.M. OKTOBER 2017

3

ÅRETS AKTIVITETAR OG RESULTAT



Forsvarsbygg har utnytta tilgjengelege rammer på ein god måte og nådd effektiviseringskravet. Vi har samtidig ei utfordring med å halde oppe tilstandsgraden på bygningsmassen til forsvarssektoren. Vårt beredskaps-planverk er avstemt med Forsvaret, og verksemda bidreg i Forsvaret sine øvingar. Vi har formidla kunnskap om sikring av eigedom, bygg og anlegg til samfunnet og levert gode resultat på miljøvenlege løysingar.

Forsvarsbygg har god måloppnåing på tre av fem mål i 2017. Dette er på linje med fjoråret.

SAMLA VURDERING

RESSURSBRUK

I 2017 omsette vi for 8,5 milliardar kroner. Dette er om lag på same nivå som i 2016, korrigert for bortfall av kapitalelementet i husleiga med ca. 1 milliard kroner. Midlane er brukt målretta, og Forsvaret har fått stilt til rådvelde eigedom, bygg og anlegg som stør opp om operativ evne og beredskap.

Frå 2016 har vi hatt ein reduksjon i driftskostnader på 527 millionar kroner som blir knytt til noko lågare driftsaktivitet og avvikling av reinhaldstenester. Vare- og tenestekjøp utgjorde 70 prosent av driftskostnadene når ein held avskrivingar utanfor. Dei samla lønskostnadene var på 13 prosent i 2017 og uendra frå 2016. Avskrivingar på varige driftsmiddel og immatrielle eigedelar utgjer 12 prosent, ein nedgang på 1 prosent frå 2016. Andre driftskostnader utgjorde 5 prosent og er på same nivå som i 2016.

REKNESKAPEN

Etter kontantprinsippet viser dei økonomiske resultata ei mindreutgift på driftskapitla på 0,3 prosent og ei mindreutgift på investeringskapitla på 1,6 prosent. Dette er godt innanfor målkravet. Effektiviseringskrava sette til Forsvarsbygg i 2017, vart innfridde.

MILJØ

Forsvarsbygg har i fleire år arbeidd aktivt for å bidra til eit betre miljø. I 2017 har vi redusert samla energiforbruk i bygningsmassen med 1,5 prosent eller 9,3 GWh. Resultatet er godt innanfor målkravet. Dette kjem i tillegg til reduksjonen på 136 GWh som vart oppnådd i prosjektperioden 2012–2016. Effekten er oppnådd gjennom energioppfølging og tekniske tiltak for energieffektivisering i eksisterande bygg.

EFFEKT FOR FORSVARSSEKTOREN OG SAMFUNNET

I 2017 ferdigstilte vi 35 investeringsprosjekt av i alt 394 pågåande prosjekt i ulike fasar. Etablering av ny kampflybase på Ørland var også i 2017 det høgast prioriterte prosjektet for å stø opp om operativ evne og beredskap. Vi har utført planlagt vedlikehald på bygningsmassen slik at mest mogleg av ressursane er styrt målretta til verdibevaring.

At vi er til stades over store delar av landet, gjer oss til ein viktig bidragsytar for både lokal og nasjonal sysselsetjing. Vi bidreg til å skape nytt liv på historisk grunn ved å leggje til rette for aktivitet på dei nasjonale festningsverka. Festningane vart i 2017 besøkte av 3,86 millionar menneske, ein auke på heile 160 000 frå året før. Tiltaka våre for å skape attraktivitet gjev god effekt og gjer festningane til eit av dei mest besøkte reisemåla i Noreg.

Vi avhendar eigedom som Forsvaret ikkje lenger skal bruke. Gjennom sal og miljøsanering bidreg vi til å transformere tidlegare militære eigedomar til ny sivil bruk. Etter at kostnader til riving, sikring og miljøsanering er trekte frå, leverte vi om lag 671 millionar kroner tilbake til forsvarsbudsjetta til bruk for høgare prioriterte føremål i sektoren. Avhending av overflødig eigedom bidreg også til å redusere dei samla driftskostnadene til eigedom, bygg og anlegg som forsvarssektoren har.

Vi har i 2017 gjennomført ei større omorganisering og starta ytterlegare forbetrings- og effektiviseringstiltak. Målet er å auke kvaliteten på våre leveransar til Forsvaret, redusere kostnader og frigjere ressursar som kan bidra til høgare prioriterte oppgåver i forsvarssektoren.

FORSVARSBYGG SITT MÅLBILETE

- God
- Akseptabel
- Ikkje akseptabel
- Tryggingsgradert

LEVERANSAR

L1 Stø opp om forsvarssektoren si operative evne og beredskap

L2 Langsiktig vidareutvikling av eigedomsporteføljen

L3 God forvaltning av EBA i forsvarssektoren

ØKONOMI

Ø1 Målretta og effektiv bruk av midlar

INTERNE PROSESSAR

I1 Kontinuerleg forbetring og effektivisering

MÅL L1

Stø opp om forsvarssektoren si operative evne og beredskap

Forsvarsbygg skal stø opp om Forsvaret si operative evne og beredskap i tråd med dei krava som til kvar tid blir stilte gjennom instruksar og retningslinjer for sektoren innanfor området. Det inneber å sørgje for at støtte frå etaten til Forsvaret si operative evne og beredskap inngår som ein integrert del av verksemdsstyringa vår.

Vi skal ha oppdaterte beredskapsplanar og gjennomføre relevante beredskapsførebuingar med grunnlag i definerte oppgåver, slik at etaten har ein fullt ut tilfredsstillande beredskap. I tråd med behova i forsvarssektoren, skal vi aktivt delta i beredskapsøvingar.

Det skal vidare gjevast prioritet til aktivitet som stør nasjonal og alliert operativ planlegging, og i tillegg etter oppdrag, stø forsvarssektoren og sivile styresmakter sitt arbeid innanfor tryggleik. Vekta skal leggjast på vern og sikring av eigedom, bygg og anlegg. Vi skal på oppdrag stø Forsvaret og andre etatar med å lage ei heilskapleg oversikt over status for vernetiltak, og å implementere og/eller bidra til å implementere tiltak for deira skjermingsverdige objekt.

SAMLA VURDERING AV MÅLOPPNÅING

Delar av rapporteringa på dette målet er tryggleiksgradert. Det er derfor berre eit ugradert utdrag som blir presentert gjennom årsrapporten.

Gjennom 2017 er fokuset vårt høgt på å stø opp om forsvarssektoren si operative evne og beredskap. Det er i perioden arbeidd med å etablere ein styrkjestruktur som stør opp om Forsvaret sitt planverk.

Gjennom arbeidet med å stø opp om forsvarssektoren si operative evne og beredskap ser Forsvarsbygg behov for, og nytte av, at det blir etablert gode føresetnader for samhandling med Forsvaret for at vi skal få løyst oppgåvene våre. Dette arbeidet er godt i gang gjennom etablering av leveranse-avtalar på dei tenestene og aktivitetane som er forventa mellom Forsvaret og oss. Gjennom året stør vi opp om vi Forsvarsdepartementet og Forsvarsstaben med sektoren sitt objekttryggingsarbeid. Fortifikatoriske kontrollar er eit ledd i arbeidet med sikring av objekt og anlegg.

Vi er også deltakande under øvinga Trident Juncture i 2018. Delar av 2017 har vore nytta til førebuingar til øvinga.

RESULTATKRAV

L1.1 Beredskap for å stø opp om forsvarssektoren si operative evne

Forsvarsbygg skal oppfylle krava til styrkjestruktur, komplett operativ organisasjonsplan, operativt planverk, hovudplan, einingsplan og beredskapskrav og klartider.

AMBISJON 2017

Føremålet med parameteren er å kvalitativt måle vår evne til å bidra til forsvarssektoren si operative evne og beredskap.

RESULTAT 2017

Måloppnåinga blir ikkje rapportert i årsrapporten då informasjonen er vurdert å vere skjermingsverdig.

Styringsparameter L1.1	2017	2016
Beredskap for å stø opp om forsvarssektoren si operative evne	N/A	N/A

L1.2 Evne til å stø opp om objekttryggleiken i forsvarssektoren

Vi skal stø Forsvaret og andre etatar i forsvarssektoren for å vareta tryggingslova sine krav til sikring av skjermingsverdige objekt. Det inneber å lage ei heilskapleg oversikt over status for permanente sikringstiltak i etterkant av oppdrag. Dessutan å planleggje og etablere ytterlegare sikringstiltak for verksemdene sine skjermingsverdige objekt i samsvar med krava i tryggingslova.

AMBISJON 2017

Vi skal ha kapasitet og kompetanse til å levere tilstrekkelege tenester på dei oppdraga vi tek mot.

RESULTAT 2017

Måloppnåinga blir ikkje rapportert i årsrapporten då informasjonen er vurdert å vere skjermingsverdig.

Styringsparameter L1.2	2017	2016
Evne til å stø opp om objekttryggleiken i forsvarssektoren	N/A	N/A

MÅL L2

LANGSIKTIG VIDAREUTVIKLING AV EIGEDOMSPORTEFØLJEN

Vi skal stø opp om ei berekraftig og kostnadseffektiv utvikling av Forsvaret ved at eigedomsporteføljen er i samsvar med vedteken struktur i IVB LTP 2017–2020. Mot 2020 skal vi effektivisere og tilpasse eigedomsporteføljen i tråd med strukturutviklingar i iverksetjingsbrevet.

Det inneber å utarbeide gode planar, gjennomføre kostnadseffektive investeringar og å avhende utrangert EBA inkludert riving og miljøopprydding. Forsvarsbygg skal vere ein god rådgjevar for sektoren i val av EBA-løysingar. Vi skal bidra til å utvikle og tilpasse eigedomane til sektoren sine endra behov ved å tilby nøkterne og fleksible løysingar.

Måloppnåinga baserer seg på ei heilskapleg vurdering av Forsvarsbygg si evne til planlegging, rådgjeving og gjennomføring av vedtekne investerings- og avhendingsprosjekt.

SAMLA VURDERING AV MÅLOPPNÅING

Vi leverer akseptabelt på målet i 2017.

I 2017 har vi bidrege i ulike utgreiingar for å sikre ei berekraftig og kostnadseffektiv utvikling av eigedomsporteføljen i langtidsperioden, blant anna gjennom delutgreiingar knytte til landmaktutgreiinga, CYFOR/IKT-utgreiinga, logistikkutgreiinga, utdanningsreforma og relokaliseringa av Forsvarsmateriell frå Kjeller. I tillegg hjelper vi Forsvarsdepartementet og Forsvarsstaben som eigedomsfaglege rådgjevarar i arbeidet deira knytt til alliert trening og øving i Noreg. Vidare har vi, i tråd med Forsvarsdepartementet sine retningslinjer for eigedom, bygg og anlegg (FDREBA), revidert det interne planhierarkiet for å vere betre tilpassa Forsvarsdepartementet si kontinuerlege langtidsplanlegging. Forsvarsbygg vil i 2018 leggje fram ei tilrådd strategisk vidareutvikling av eigedomsporteføljen gjennom heilskapleg EBA-plan (HEBA). Arbeidet vart starta i 2017. Vi har gjeve motsegn i tre plansaker ila året for å vareta Forsvaret sine arealplaninteresser.

INVESTERINGSPROSJEKT: ØRLAND

Kampflybasen på Ørland er vårt største utviklingsprosjekt nokosinne. Prosjektet er hovudsakleg etter planen, med unntak av mindre forseinkingar innanfor delar av ammunisjonsfasilitetar og hangarar. Skvadronbygg, vedlikehaldsbygg, rullebane og forsyningsbygg til Forsvaret si logistikkavdeling er overlevert og tekne i bruk i 2017. To tomter i Brekstad sentrum vart kjøpte i desember 2017 og skal gjennom eit offentleg privat samarbeid (OPS) utviklast til bustadføremål.

Alle 176 bustader i raud støysone på Ørland vil få tilbod om innløysing. Ved årsskiftet er i alt 88 bustader innløyste, og vi er i gang med forhandlingar med 16 gardsbruk i raud støysone. Resterande 17 gardsbruk blir forhandla 4. kvartal 2018.

Totalt sett vil vi tilby støytiltak til om lag 800–1000 bustader i gul støysone, noko som vil seie at det gjeld nærare halve befolkninga på Ørland. 70 bustader er ferdigstilte ila 2017, og det er sett i gang tiltak på ytterlegare 169 bustader. God informasjon til dei det gjeld, er høgt prioritert, og eit nytt prosjektkontor er opna utanfor flystasjonen på Brekstad

for å bli meir synleg og tilgjengeleg for innbyggjarane på Ørland.

Forsvarsbygg har gjort ei juridisk vurdering av om støytiltak også skal gjennomførast for fritidseigedomar på Ørland. Konklusjonen vår er at slike tiltak ikkje blir gjennomførte, noko som er i tråd med gjeldande statleg praksis.

INVESTERINGSPROSJEKT: EVENES

Som støtte for Forsvarsdepartementet sitt arbeid med konseptvalutgreiing (KVU), har vi sendt over både moglegheitsstudie (del 1 og 2) og alternativanalyse. I tillegg har vi sendt over ein eigen risikoanalyse knytt til framdrift i prosjektet. For Forsvarsbygg vil tidspunkt for når KVU er gjennomført, vere avgjerande for å halde framdriftsplanen vidare. Førebuande arbeid er gjennomført uavhengig av KVU, som risikoreduserande tiltak for å sikre framdrift vidare i prosjektet. Planprogrammet har vore ute til offentleg ettersyn og innkomne merknader har vore behandla av Forsvarsbygg. Desse vil bli sende over til Forsvarsdepartementet med vår tilråding og forslag til revidert planprogram innan 1. april 2018.

INVESTERINGSPROSJEKT: UBÅT

I 2017 har vi sett i gang planarbeid for framtidige EBA-investeringar i storleiksorden 2,5 milliardar kroner til ubåtbasen på Haakonsvern. Basen skal kunne ta imot nye ubåtar frå 2025/2026.

ANDRE INVESTERINGSPROSJEKT

Det har vore høg aktivitet på den ordinære investeringsporteføljen gjennom året, og totalt 35 av i alt 394 pågåande prosjekt er leverte, blant anna nye bygg for redningshelikoptertenesta og 330 skvadronen på Banak, Ørland og Sola, ein ny skule for Luftforsvaret på Sørreisa og ny brannstasjon på Bardufoss flystasjon. For 2018 og 2019 blir investeringsramma auka, noko som medfører at vi på kort sikt må auke produksjonskapasiteten vår. I 2017 har vi analysert utfordringar og identifisert nødvendige tiltak for å kunne levere som føresett.

Planlagt komponentutskifting er gjennomført. Tilstandsgraden har hatt ei negativ utvikling seinare år, og førebels analysar for 2017 viser at trenden held fram. Den tryggingspolitiske situasjonen har medført at vi for heile verksemda har auka ressursinnsatsen mot prosjekttryggleik, graderte anskaffingar og prosjekttryggleiksstyring. Behovet er aukande, og derfor eit viktig satsingsområde framover.

AVHENDINGSPROSJEKT

I 2017 selde vi forsvarseigedom for 705 millionar kroner, noko som var ein monaleg auke samanlikna med 2016. Myntgata 2 kvartalet i Kvadraturen i Oslo utgjorde det største salet, og det er også selt eit vesentleg tal bustader.

For å sikre ei effektiv avhending framover av eigedomar som skal ut av porteføljen, har vi i 2017 vore ein pådrivar for auka utrangering av bustader. I tillegg har vi starta førebuande arbeid med alle større avhendingsprosjekt som i tid ligg langt framme når det gjeld realisasjon. Døme på dette er omfattande miljøkartleggingar både på Bodø flystasjon og på Kjeller ved Lillestrøm, som viktige førebuande arbeid for framtidig byutvikling til det beste for samfunnet. Sektoren har framleis behov for å kvitte seg med mykje EBA i åra framover for å finansiere fornyinga i den offensive investeringsplanen fram mot 2020 og for å sikre ein berekraftig økonomi for Forsvaret i framtida. Vi har både kapasitet og kompetanse til å møte dei forventa avhendingsprosjekta i planperioden.

UTFASING AV FOSSILT BRENSEL

Forsvarsbygg har sidan tidleg på 2000-talet jobba med å fase ut bruk av fossilt brensel til oppvarming av bygg og anlegg til fordel for meir miljøvenlege løysingar. Vi ferdigstilte fire prosjekt i 2017 som bidreg til reduksjon i bruk av fyringsolje. Bruk av fyringsolje utgjer cirka 3,7 prosent av total energibruk til eigedom, bygg og anlegg i 2017 mot 5,8 prosent ved utgangen av 2015. Vi vil truleg ikkje klare målkravet om at all bruk av fossil fyringsolje skal vere utfasa innan 1. januar 2020.

RESULTATKRAV

SP L2.1 Effekt av komponentutskifting

Forsvarsbygg skal ha målretta og effektiv bruk av midlar ved å måle prosentvis avvik mellom tildeling og forventa forbruk innanfor drift.

AMBISJON 2017

100–150 kroner i gjennomsnittskostnad / kvadratmeter per 0,01 forbetra teknisk tilstandsgrad for alle bygg, der det er gjennomført komponentutskiftingstiltak.

RESULTAT 2017

Måloppnåinga er god.

Styringsparameter L2.1	**2017**	**2016**
Gjennomsnittskostnad/kvadratmeter per 0,01 forbetra teknisk tilstandsgrad	127 kr/m2	Parameteren er ny i 2017.

SP L2.2 Uvissestyring investering p50

Forsvarsbygg skal ha målretta og effektiv bruk av midlar ved å måle avvik mellom tildeling og inntektskrav sett opp mot forventa forbruk innanfor drift og avhendingsinntekter.

AMBISJON 2017

Forsvarsbygg skal ha ei god berekna uvissespreiing. Prosentdelen av ferdigstilte prosjekt, som er gjennomført

innanfor opprinneleg P50 i forprosjektet, skal liggje mellom 45 og 55 prosent.

RESULTAT 2017
Måloppnåinga er god.

Styringsparameter L2.2	2017	2016
Prosentdelen av ferdigstilte prosjekt som er gjennomført innanfor opprinneleg P50 i forprosjektet.	47 %	Ny i 2017 for L-perspektivet

SP L2.4 Delen generelle kostnader
Vurdering av gjennomsnittleg kostnad for gjennomføringskostnader i dei terminerte prosjekta samla og rapportere dei som del av investeringsprosjekta sin totalkostnad basert på kostnadsoppstilling i samsvar med Norsk Standard (NS3451).

AMBISJON 2017
Generelle kostnader skal ikkje overstige 19 prosent av totale prosjektkostnader.

RESULTAT 2017
Måloppnåinga er akseptabel.

Styringsparameter L2.4	2017	2016
Generelle kostnader skal ikkje overstige 19 prosent av totale prosjektkostnader.	21 %	Ikkje rapportert på L2 tidlegare

SP L2.5 Utfasing av fossil olje innan 2020
Måleparameteren er kubikkmeter fossil fyringsolje forbrukt i forsvarssektoren per kalenderår. Estimert forbruk i 2015 var 3 840 kubikkmeter. All bruk av fossil fyringsolje skal vere utfasa innan 1. januar 2020. Fossil fyringsolje til grunnlast skal vere utfasa innan 31. desember 2018.

AMBISJON 2017
Forbruket skal reduserast til 3200 kubikkmeter fossil fyringsolje.

RESULTAT 2017
Måloppnåinga er god.

Styringsparameter L2.5	2017	2016
Reduksjon av fossil fyringsolje	2514 m3	3680 m3

T L2.1 Avhende areal som er reanskaffa
Vi skal oppnå effekten av investeringsprosjekt som har til føremål å reanskaffe (erstatte) eksisterande areal/bygg.

AMBISJON 2017
Areal som blir reanskaffa, skal utrangerast og avhendast.

RESULTAT 2017
Måloppnåinga er akseptabel. Det er gjennomført oppdateringar av avgjerdsdokument som bidreg til at brukarane i sektoren forpliktar seg til å utrangere bygg som blir reanskaffa.

T L2.2 Gjennomføre fullmaktsprosjekt
Forenkle avgjerdsprosessane, leggje til rette for raskare gjennomføring og medverke til at avgjerder blir tekne på riktig nivå ut frå kor viktig saka er, basert på delegering av fullmakt til å godkjenne og gjennomføre mindre EBA investeringsprosjekt.

AMBISJON 2017
Ambisjonen er å identifisere og gjennomføre fullmaktsprosjekt.

RESULTAT 2017
Måloppnåinga er akseptabel. Seks prosjekt innan utfasing av fossilt brensel er under utføring og eitt er under planlegging. Det blir arbeidd med å identifisere fleire fullmaktsprosjekt.

MÅL L3

God forvaltning av EBA i forsvarssektoren

Vi varetek verdiane i eigedomsporteføljen. Dette vil seie å halde ved lag bruksverdi, økonomisk verdi og verneverdi, med prioritet på bruksverdi for Forsvaret. Det overordna målet for eigedomsforvaltninga er at all ressursbruk skal resultere i funksjonell EBA som tilfredsstiller brukarane sine behov innanfor best mogleg totaløkonomi i forsvarssektoren.

Mot 2020 skal vi sikre berekraftig og kostnadseffektiv varetaking av EBA i forsvarssektoren gjennom ei langsiktig verdibevarande forvaltning av eigedomsporteføljen. Ressursinnsatsen skal sikre å vareta lovpålagde krav for heile porteføljen, og prioriterast mot bruksverdi på basar som skal vidareførast. Vi skal gje råd, utarbeide planar og gjennomføre tiltak som sikrar optimal ressursutnytting. Vurdering av måloppnåing baserer seg på ei heilskapleg vurdering av vår evne til planlegging, rådgjeving og gjennomføring av tiltak som sikrar optimal ressursutnytting for at bruksverdi for forsvarssektoren blir halden ved lag og at lovpålagde krav er varetekne.

SAMLA VURDERING AV MÅLOPPNÅING

Vi leverer godt på målet i 2017.

I 2017 har vi gjennomført vedlikehald i tråd med vedlikehaldsplanen for året. Verdibevarande ressursar er særskilt prioriterte på EBA som blir vidareført i Forsvaret sin framtidige basestruktur og som gjev best effekt på den operative evna. Vi erfarer at vi har enkelte avvik på kostnadsestimat for vedlikehaldstiltak. I 2018 vil vi analysere avvika og setje i verk korrektive tiltak. Tilstandsregistreringar er gjennomførde som planlagt. Talet på registreringar etter gjennomførde vedlikehalds- eller komponentutskiftingstiltak er positivt aukande samanlikna med fjoråret. Dette arbeidet blir følgt nøye opp i 2018, med føremål å auke delen ytterlegare. Tilstandsgraden har hatt ei negativ utvikling seinare år, og førebels analysar for 2017 viser at trenden held fram. Alderen på dagens EBA gjer at vi dei neste ti åra står framfor eit stort behov for fornying.

Delen ikkje utleigd areal er vesentleg redusert gjennom året. Dette kjem i stor grad av innføring av tomgangsleige.

ÅLMENN VERNEPLIKT

Det er gjennomført ei kartlegging av alle forlegningar, idrettsbygg og undervisningsbygg i sektoren. Kartlegginga viser at det er behov for tiltak ved ein del bygg. I 2017 har vi levert tilpassing av bygg for tildelt ramme på 10 millionar kroner til tiltak på Haakonsvern og i Bodin leir.

FESTNINGANE

Over 3,8 millionar besøkte festningane i 2017, noko som gjer festningane til nokre av dei mest besøkte reisemåla i Noreg. Det er eit mål om å auke verdiskapinga på den enkelte festninga for å oppnå større grad av sjølvfinansiering. Eit tiltak for å møte denne utfordringa er at vi frå 1. mai 2018 integrerer festningane i den ordinære driftsorganisasjonen vår, samtidig som vi jobbar parallelt med forretningsutvikling av den enkelte festninga som reisemål.

ENERGI OG AVFALL

Energileiingsprosjektet vart terminert i 2016. I samråd med Forsvarsstaben vart det valt berre å gå vidare med energioppfølgingsdelen. Alle kostnader for energioppfølging blir dekte av Forsvaret. Utan fokus på energiforbruk viser analysar at energibruken i snitt stig med 10 prosent årleg. Resultatet for 2017 viser ein reduksjon i forbruket på 9,3 GWh (1,5 prosent). Det er betre enn forventa. Sorteringsgraden på næringsavfall er på rapporteringstidspunktet 61 prosent. Dei beste tiltaka er synleggjering av vinstpotensialet for leigetakar og sorteringsgrad per leir.

TELELOSJI

Telelosji inneber alle former for plassering av elektronisk utstyr for kommunikasjon eller distribusjon av data og telekommunikasjon, og radio/TV-signal frå kommersielle aktørar på Forsvaret sine eigedomar. Forsvarsdepartementet har utarbeidd nye føringar ved behandling av søknader om telelosji. Dei nye føringane inneber at vi skal gå gjennom eksisterande avtalar, og at ansvaret for slike avtalar er overført til Forsvarsbygg.

HUSLEIGEORDNINGA

Forsvarsbygg har teke del i ei arbeidsgruppe, leidd av Forsvarsdepartementet, for å evaluere utvalde delar av husleigeordninga i forsvarssektoren. Arbeidet viser kor viktig det er å etablere ein verdibevaringsstrategi som er berekraftig, og som sørgjer for at det samla sett blir sett av tilstrekkeleg med ressursar til verdibevaring for EBA i sektoren.

RESULTATKRAV

L3.1 Gjennomføre planmessig vedlikehald

Parameteren måler kor stor del av vedlikehaldsmidlar som er nytta til planlagt vedlikehald i forhold til totalt tilgjengeleg vedlikehaldsmidlar (reknskapstal).

AMBISJON 2017

Vi skal sikre at minimum 80 prosent av dei totale vedlikehaldsinntektene i husleiga går til planlagt vedlikehald av bygg og anlegg.

RESULTAT 2017

Måloppnåinga er god.

Styringsparameter L3.1	2017	2016	2015
Delen gjennomført planmessig vedlikehald	82 %	94 %*	92 %*

Tala for 2015 og 2016 hadde eit anna berekningsgrunnlag enn 2017. Resultata var likevel betre enn ambisjonen.

L3.2 Effektiv EBA-utnytting i sektoren

Parameteren måler kor stor del av den totale bygg- og anleggsporteføljen som ikkje er utleigd i forhold til total forvalta portefølje. Kravet er mindre enn 8 %.

AMBISJON 2017

Vi skal følgje opp at dei bygga, eigedomane og anlegga som sektoren disponerer, i så stor grad som mogleg er i bruk – eller blir raskt avhenda.

RESULTAT 2017

Måloppnåinga er god.

Styringsparameter L3.2	2017	2016	2015
Totalt areal som ikkje kan leigast ut 2017	5,6 %	8,5 %	10,6 %

*Blir berekna slik: Talet på kvadratmeter forvalta utan leigeinntekter/ total tal kvm forvalta i sektoren * 100 %.*

MÅL Ø1

Målretta og effektiv bruk av midlar

Vi skal ha god økonomistyring i eit årleg og fleirårig perspektiv slik at tildelte midlar blir brukte nøkternt og effektivt i tråd med føresetnadene i IVB LTP2017–2020. Det inneber å levere eit økonomisk resultat til Forsvarsdepartementet som forventa (etter kontantprinsippet) og styre mot sunne bedriftsøkonomiske mål (i samsvar med periodiseringsprinsippet). Kostnader til eigarpålagde oppgåver skal synleggjerast og effektiviseringsvinstar skal dokumenterast. Samtidig som ein leverer forventa resultat, skal ein oppretthalde og gjennomføre planlagd ytingsnivå.

SAMLA VURDERING AV MÅLOPPNÅING

Vi leverer godt på målet i 2017.

Forsvarsbygg avlegg rekneskap etter to finansielle rammeverk: Kontantrekneskap etter vilkåra i statsrekneskapen, og periodisert verksemdsrekneskap etter statlege rekneskapsstandardar (SRS). Forsvarsbygg fakturerer tenestene sine innanfor husleigemodellen. Som følgje av eigenarten til verksemda er vi gjevne meirinntektsfullmakt, og kan søkje Forsvarsdepartementet om overføring av ubrukte midlar mellom år. Dei økonomiske resultata etter kontantprinsippet viser samla sett eit lågare forbruk for 2017 samanlikna med tildelt ramme.

Driftskapitla viser samla sett ei lågare utgift på 12 millionar kroner som er godt innanfor målkravet. Årsresultatet for den samla investeringsporteføljen gjev måloppnåing ikkje akseptabel, medan årsresultatet for avhendingsverksemda viser at nettoresultatet er godt innanfor målkravet. Kampflybaseprosjektet har noko lågare omsetning enn tilgjengelege rammer, noko som i hovudsak knyter seg til forseinking i enkelte sluttoppgjer og utsett oppstart på støytiltak. For annan investeringsportefølje er det eit lågare forbruk enn tildelt ramme på 235 millionar kroner. Ettersom delar av mindreforbruket kjem av forhold som Forsvarsbygg ikkje kan rå over, blir denne delen ikkje tillagt vekt i vurderinga av samla måloppnåing.

Den periodiserte verksemdsrekneskapen for 2017 viser eit overskot på 646 millionar kroner, som er i tråd med budsjett. Forsvarsbygg må, som leverandør i forsvarssektoren, kontinuerleg tilpasse tenestene og kostnadene våre til etterspurnaden frå Forsvaret og andre kundar og oppdragsgjevarar. Forsvarsbygg har derfor høgt fokus på forbetrings- og effektiviseringstiltak. Innan utgangen av langtidsperioden 2017–2020 er Forsvarsbygg gjeve eit krav om å effektivisere for til saman 253,7 millionar kroner i årlege, varige innsparingar. Forsvarsbygg har derfor oppretta eit program for vinstrealisering for å koordinere og målrette innsatsen som skal sikre at vi oppnår effektiviseringsvinsten. Realiserte vinstar skal vere varige og kunne omprioriterast til høgare prioriterte føremål i forsvarssektoren. For 2017 har Forsvarsbygg levert godt over målkravet til effektivisering.

RESULTATKRAV

Ø1.1 Årsresultat drift (kontantrekneskap)

Forsvarsbygg skal ha målretta og effektiv bruk av midlar ved å måle prosentvis avvik mellom tildeling og forventa forbruk innanfor drift.

AMBISJON 2017

Avviket frå ramma skal vere mindre enn eller lik 2 prosent.

RESULTAT 2017

Måloppnåing for driftsløyvinga er god.

Styringsparameter Ø1.1	2017	2016
Kapittel 1710/4710, post 01 – Forsvarsbygg sitt driftskapittel	0,3 %	0,5 %

Ø1.2 Årsresultat investering og avhending (kontantrekneskap)

Forsvarsbygg skal ha målretta og effektiv bruk av midlar ved å måle avvik mellom tildeling og inntektskrav sett opp mot forventa forbruk innanfor drift og avhendingsinntekter.

AMBISJON 2017

Avviket frå ramma skal vere mindre enn eller lik 2 prosent.

RESULTAT 2017

Måloppnåinga er ikkje akseptabel.

Styringsparameter Ø1.1	2017	2016
Kapittel 4710, post 47 – Sal av eigedom bygg og anlegg	-0,1 %	4,5 %
Kapittel 1710, post 46 – Nybygg og anlegg	IA	2,5 %
Kapittel 1710, post 47 – Nybygg og anlegg	4,5 %	2,4 %
Kapittel 1761, post 47 - Kampflybase	2,99 %	23,2 %
Kapittel 1760, post 45 - Innreiing	41,4 %	28,5 %
Samla tildeling	9,99 %	5,7 %

Ø1.3 Vinstrealisering

Forsvarsbygg skal frigjere minimum 253,7 millionar 2017-kroner i perioden 2017–2020, gjennom tiltak knytte til effektivisering, i tråd med årlege resultatkrav.

AMBISJON 2017

Forsvarsbygg skal frigjere minimum 30,3 millionar kroner ved utgangen av 2017.

RESULTAT 2017

Måloppnåing for driftsløyvinga er god.

Styringsparameter Ø1.3	2017
Drift	7,7 mill.
Investering	42,5 mill.
Samla vinst	50,2 mill.

MÅL I1

Kontinuerleg forbetring og effektivisering

Vi skal ved systematisk og kontinuerleg forbetringsarbeid leggje opp til effektivisering i alle ledd i verksemda og medverke til effektivisering i andre delar av forsvarssektoren. Fram mot 2020 skal vedtekne effektiviseringstiltak gjennomførast og det skal etablerast ei systematisk tilnærming til kontinuerleg forbetring basert på felles metodikk for sektoren. I arbeidet med kontinuerleg forbetring og effektivisering skal det spesielt leggjast vekt på å vidareutvikle standardiserte løysingar og effektive leiings-, stabs-, og støtteprosessar. Vi skal etablere og utøve kontinuerleg forbetring basert på ei systematisk og heilskapleg tilnærming i eit sektorperspektiv. Realisering av igangsette og identifisering av nye effektiviseringstiltak skal leggjast vekt på.

SAMLA VURDERING AV MÅLOPPNÅING

Vi leverer godt på målet i 2017.

Vi har ein langsiktig ambisjon om å skape ein kultur der tilsette er bevisste på om oppgåvene dei gjer, kan utførast på ein meir effektiv måte. Vi er komne godt i gang med å skape ein slik kultur for kontinuerleg forbetring, gjennom prosessforbetringar, medarbeidarinvolvering, digitalisering og læring. Vi har teke i bruk Lean-metodikk til dette arbeidet, gjennom eit internt program kalla Flyt. Så langt har vi utdanna 66 Flyt-ambassadørar. Rolla deira er å vere interne pådrivarar for forbetringsarbeidet vårt. Målet vårt er å implementere ein arbeidsmetodikk der kontinuerleg forbetring er ein integrert og naturleg del av dei arbeidsoppgåvene som blir utførte. Dette kan også medføre endringar i leiing og organisering. Målet er ambisiøst. Verksemda har gått gjennom ei stor og krevjande omstilling i 2017. Organisasjonen har levert gode resultat for året, samtidig som vi gjennom fleire flyt-aktivitetar har nådd effektiviseringskrava for året. Vi har samtidig store forventningar til at vi får ut ytterlegare effekt i åra som kjem. Målet er nytt for 2017, så det finst ikkje noko samanlikningsgrunnlag med tidlegare år.

RESULTATKRAV

SP I1.1 Kontinuerleg forbetring

Resultatet blir vurdert etter evne til å identifisere nye forbetringstiltak, gjennomføre vedtekne tiltak og stø opp om og leggje til rette for vedtekne effektiviseringstiltak i andre delar av forsvarssektoren. Medrekna også å bidra til å identifisere nye effektiviseringstiltak i andre delar av sektoren. Det inneber også ei tydeleg og kompetent leiing og styring, leiarforankring og formidling av arbeidet med vinstrealisering og effektivisering.

AMBISJON 2017

Parameteren skal ha god måloppnåing.

RESULTAT 2017

Måloppnåinga er god.

Styringsparameter SP I1.1	2017
Kontinuerleg forbetring	God

I 2017 hadde Forsvarsbygg ei brutto omsetning på 8,5 milliardar kroner og eit driftsresultat av aktivitetane i perioden på 0,6 milliardar kroner.

UTGREIING FOR RESSURSBRUK

Driftsresultat består i hovudsak av resultatkrav knytte til netto avhendingsinntekter som i heilskap blir tilbakeførte til Forsvarsdepartementet.

DRIFTSKOSTNADER

Totale driftskostnader for 2017 var 7,885 millionar kroner, dette er ein nedgang frå 2016 på 527 millionar kroner og kan knytast til noko lågare driftsaktivitet og avvikling av reinhald. Av- og nedskrivingskostnader på EBA og anlegg utgjer 924 millionar kroner, og det er i 2017 aktivert totalt 2 489 millionar kroner på anlegg under utføring.

TOTALE DRIFTSKOSTNADER PER INNSATSFAKTOR

Totale driftskostnader inkluderer avskrivingskostnader EBA og er på 7,885 millionar kroner. Driftskostnadene fordelt etter innsatsfaktor viser at vare- og tenestekjøp utgjorde 70 prosent av dei totale driftskostnadene i 2017. Dette er ein auke på 1 prosent samanlikna mot driftsåret 2016. Delen av dei samla lønskostnadene var 13 prosent og andre driftkostnader 5 prosent og er lik driftsåret 2016. Avskrivingar på varige driftsmiddel var totalt 12 prosent og viser ein nedgang på 1 prosent frå 2016. Ser ein dei samla kostnadene, med frådrag for av- og nedskrivingar relaterte til EBA-investeringar, utgjer dei totale kostnadene totalt 6 961 millionar kroner. Ei inndeling etter innsatsfaktorar viser då at vare- og tenestekjøp utgjer 80 prosent av dei totale kostnadene, løn 15 prosent og andre driftskostnader 5 prosent.

TOTALT VARE- OG TENESTEKJØP FORDELT PÅ KONTONIVÅ

Totalt er det utgiftsført kostnader på varekjøp for 5 546 millionar, av desse er 2 306 millionar aktiverte under anlegg under utføring i balansen. Deler vi desse kostnadene opp i ulike typar varekjøp, utgjer 84 prosent framandyting og underentreprise, 8 prosent gjennomstrøymingskostnader og 8 prosent direkte driftskostnader der innleige utgjer 50 prosent av desse. Alle varekjøp blir bokførte direkte på prosjektet.

TOTALE DRIFTSKOSTNADER PER PRODUKTOMRÅDE

Totale driftskostnader fordelt per produktområde viser at det totalt er nytta 3, 481 millionar kroner til drift og investeringsløyvingar i 2017, ein auke frå 2016 i overkant av 2 prosent. Oppdragsfinansierte kostnader har hatt ein nedgang på 208 millionar kroner, som følgje av lågare oppdragsmengd. Totale kostnader knytte til husleigeoppdrag i 2017 er på 2 482 millionar kroner. Det er i driftsåret 2017 brukt 996 millionar kroner til forvaltning, drift, vedlikehald og utviklingskostnader av EBA. Dette er ein nedgang på 246 millionar frå 2016. Forsyning utgjer 9 prosent og har ein nedgang på 8 prosent frå 2016. Tilleggstenester utgjer 11 prosent av dei totale kostnadene som er ei endring på 57 prosent frå 2016. Årsak kjem som følgje av auka oppdrag mot andre forsvar. Reinhald er avvikla i 2016, men vart belasta med noko lønskostnader i 2017. Totale kostnader for avhendingsverksemda var på -84 millionar kroner, ei endring på 250 millionar kroner frå 2016. Endringa kjem i hovudsak av at det i rekneskapen er gjort ei reversering på totalt 222 millionar kroner på tidlegare nedskrivne bygg og anlegg.

BEMANNINGSSITUASJONEN TIL VERKSEMDA

ÅRSVERKSUTVIKLING

Ved utgangen av 2017 var det totalt 1 266 tilsette og 1 228 årsverk i Forsvarsbygg. Dette er ein reduksjon i 69 årsverk frå 2016, og kjem i hovudsak av omstilling og bemanningsstyring i Forsvarsbygg. Bemanningsstyringa starta så tidleg som i oktober 2016, medan omstillinga vart gjennomført våren 2017. Ny organisering vart sett i kraft 1. juni 2017.

Av dei fast tilsette er 98,7 prosent tilsette sivilt, og 1,3 prosent er militære. Av den totale arbeidsstokken er 5,1 prosent mellombelse stillingar (7,4 prosent i 2016 og 12 prosent i 2015). Nedgangen kjem av at bruken av mellombelse stillingar var noko høg i 2015 og 2016 på grunn av avviklinga av reinhaldstenester. Delen mellombelse tilsette (utan pensjonistar og timeløna) er på 3,55 prosent i 2017 (3,8 prosent i 2016).

Forsvarsbygg hadde i 2017 ein turnover på 9,6 prosent (5,98 prosent i 2016 og 8,14 prosent i 2015). Hovudårsaka til den høge turnoveren i 2017 kan vere omstillingsprosessen, men også auka pensjonsuttak (med ca. 25 prosent).

SJUKEFRÅVÆR

Sjukefråværet i Forsvarsbygg var i 2017 på 4,57 prosent. Dette er ein reduksjon frå 2016, då sjukefråværet var på 4,89 prosent. Måltalet for sjukefråvær i Forsvarsbygg i 2017 var fem prosent eller lågare. I 2015 var sjukefråværet vesentleg høgare med 6,83 prosent. Vi ser derfor ein nedgang i sjukefråvær i Forsvarsbygg på over to prosent dei siste to åra. Vi har jobba systematisk over tid med å utvikle gode rutinar og med opplæring av leiarar i fråværsoppfølging. Eit viktig grep i dette arbeidet er vårt skreddarsydde HMS-kurs som blir gjennomført for alle leiarar og HMS-aktørar to–tre gonger kvart år.

DIGITALISERING

Forsvarsbygg har i 2017 sett i gang og vidareført fleire viktige aktivitetar knytte til digitalisering av kjerne- og støtteprosessane i verksemda. Vi har også kome i gang med noko aktivitet knytt til planlegging og vidare organisering av digitaliseringsarbeidet.

Dei prosjekta som til no er sette i gang, er primært knytte til våre eigne prosessar. Desse er viktige og forventa å gje god effekt. Vårt aller viktigaste satsingsområde framover, vil likevel vere knytt mot påverknad og bidrag i digitaliseringsarbeidet i leverandørmarknaden. Det er sett i gang eit omfattande arbeid i bransjen knytt til digitalisering, og det er utvikla eit vegkart for ei heildigital BAE-næring (bygg, anlegg og eigedom) innan 2025. Dette arbeidet har høge ambisjonar knytte til både kostnadsreduksjonar, lågare klimagassutslepp, raskare prosjektgjennomføring med meir. Arbeidet vil derfor vere heilt sentralt også for Forsvarsbygg. Vi ønskjer å engasjere oss direkte, og ved å stille krav og stimulere leverandørane våre til å digitalisere sine tenester og leveransar.

I 2017 har Forsvarsbygg også gjennomført ei kartlegging av digital modning i verksemda. Direktoratet for forvaltning og IKT (DIFI) sin modell for kartlegging har vore nytta i dette arbeidet. På ein skala frå 1 (minimal) til 5 (transformert), vart Forsvarsbygg vurdert å liggje på nivå 2,9. Dette inneber at vi er tett på det nivået som blir kalla «i bevegelse». Vi er med andre ord alt på eit nivå der verksemda har byrja å bevege seg i retning av digitalisering, men mykje står att. Best skår vart gjeve på området «teknologi», medan «menneske og kultur» og «styring og leiing vart gjevne lågast skår. Ein auke av kompetanse og forståing vil derfor vere eit prioritert satsingsområde i åra som kjem.

Det er også avdekt at vi ikkje er gode nok til å utnytte potensialet i dei systema og den teknologien vi alt har i Forsvarsbygg. Betre utnytting og bruk vil derfor vere ein viktig faktor i arbeidet, også for å auke kompetansen og forståinga for digitalisering. Oppsummert vil satsingsområda framover handle om å engasjere seg aktivt i bransjeutviklinga samtidig som vi byggjer intern kompetanse og innsikt gjennom dei systema og den teknologien som alt eksisterer i verksemda. Dette vil skje parallelt med at vi utviklar ein digitaliseringsstrategi.

Alt igangsette og vedtekne digitaliseringsprosjekt vil likevel bli vidareførte. I 2017 har «den digitale reisa» (bustad og kvarter), driftsoptimaliseringsprosjektet, etablering og implementering av prosjektportal og –rom, digitalisering av fakturaer, anskaffing av meklarsystem og vidareutvikling av verksemda sine internettsider (www.forsvarsbygg.no) vore prioriterte. Desse prosjekta vil bli vidareførte også i 2018, samtidig som vi set i gang prosjekt knytte til e-handel, vidareutvikling / digitalisering av planverktøy for EBA-planlegging, vidareutvikling av miljødatabasen, digital reiserekning og funksjonalitet knytt til verksemdsstyring og analyse.

TALET PÅ TILSETTE OG ÅRSVERK

INKLUDERT PENSJONISTAR, SJUKEVIKARAR OG TIMELØNA



	2017	2016	2015	2014	2013
Talet på tilsette	1266	1372	1745	1724	-
Årsverk	1228	1297	1581	1556	1523

Ved utgangen av 2017 hadde Forsvarsbygg 1266 tilsette fordelte på 1228 årsverk.

TOTALE DRIFTSKOSTNADER I PERIODEN 2013–2017

TAL I MILLIARDAR



TOTALE DRIFTSKOSTNADER PER INNSATSFAKTOR

TOTALE VAREKJØP FORDELT PÅ KONTONIVÅ



TOTALE KOSTNADER PER PRODUKTOMRÅDE

BRUTTOTAL INKLUDERT AVSKRIVINGSKOSTNADER EBA OG AUU

TAL I MILLIARDAR



4

STYRING OG KONTROLL





Forsvarsbygg er i kontinuerleg endring for å byggje meir forsvarsevne kvar dag. Heile verksemda vår blir støtta av ei verdibasert og smidig verksemdsstyring som er kjenneteikna av effektive, transparente og involverande prosessar. Vi har integrert alle viktige prosessar i verksemdsstyringa, og følgjer heilskapleg og systematisk opp mål, resultat, avvik og tiltak.

Forsvarsbygg har god styring og kontroll tilpassa eigenart, risiko og vesentlegheita til verksemda. I 2017 har vi levert eit godt økonomisk resultat innanfor rammene av forsvarleg forvaltning og forsvarssektoren sine krav til forbetring og effektivisering. Risikostyring er ein integrert del av mål- og resultatstyringa. Verksemda gjennomfører eigenevalueringar av si styring og kontroll for å gje innsikt i nosituasjonen og skape grunnlag for kontinuerleg forbetring.

STYRINGSSYSTEM

Styringssystemet til Forsvarsbygg varetek både den strategiske og den operative verksemdsstyringa. Fordi alle vesentlege prosessar er integrerte i verksemdsstyringa, kan vi følgje opp mål, resultat, avvik og tiltak, og gje viktige innspel til fastlagde plan- og budsjettprosessar. Vårt digitale kvalitetssystem dokumenterer og stør opp om verksemda sitt system for styring og kontroll. Vi endrar vår måte å utføre oppgåvene på og jobbar meir effektivt, med betre flyt og auka digitalisering av arbeidsprosessane våre. Effekten er frigjering av ressursar til høgare prioriterte oppgåver i forsvarssektoren.

Erfaringane dei siste åra ved innføring av ny økonomimodell og bruk av ny statleg rekneskapsstandard er at kvaliteten i og effekten av økonomisk styringsinformasjon har auka monaleg. Forsvarsbygg var nominert til Betre stat-prisen for vesentlege forbetringar i økonomistyringa si. Prisen blir delt ut til verksemder som har medverka til meir effektiv bruk av ressursar i staten.

MÅL- OG RESULTATSTYRING

Forsvarsbygg si samla måloppnåing for 2017 er god, og det er ingen vesentlege avvik frå forventa resultat. Resultatoppnåinga er tilnærma lik den for fjoråret. Vi lykkast med resultata samtidig som Forsvarsbygg gjennomførte ein større omorganiseringsprosess og etablerte ny hovudstruktur. Effekten av den nye hovudstrukturen er betre samhandling, tydelegare spesialisering, effektive administrative funksjonar og enklare styringslinjer.

Vi gjev tilrådingar om strategisk utvikling av eigedomsporteføljen i langtidsperioden 2017–2020 som grunnlag for forsvarssektoren sine avgjerder om strukturløysingar. Tilrådingane er vårt bidrag til å frigjere ressursar for å sikre ein betre balanse mellom oppgåver, struktur og økonomi i forsvarssektoren. Etableringa av kampflybase på Ørland er i samsvar med framdriftsplan, og arbeid på Evenes flystasjon er under oppstart. Vi planlegg også for å skaffe fram forsvaret sine nye ubåtar. Forsvarsbygg vil dra nytte av erfaringane sine med Kampflybaseprosjektet i gjennomføringa av andre store investeringsprosjekt komande år.

Forsvarsbygg har vedteke ny verksemdsstrategi for 2018–2021 med tilhøyrande visjon, verdiar og satsingsområde. Strategien er ei direkte oppfølging av forsvarssektoren sin langtidsplan for perioden 2017–2020 og trekkjer oss nærare kjerneverksemda til Forsvaret. Vi målrettar ressursbruken innanfor vedlikehald, komponentutskifting og fornying slik at eigedomar, bygningar og anlegg som verkar inn på operativ evne, blir prioriterte. Kunnskapen om samanhengar mellom tilgjengelege årlege rammer og utviklinga i tilstandsgraden på eigedomane blir brukt i dette arbeidet. Ny rammeavtale med Forsvaret er inngått med vekt på forenkling og klare ansvarsforhold.

Resultatet for investeringsverksemda er innanfor reviderte rammer, og driftsresultat er tilnærma lik tildelt ramme. Forsvarsbygg har etablert eit eige flyt-program basert på Lean-metodikk for å jobbe fram ein kultur for kontinuerleg forbetring. Resultatet av forbetrings- og effektiviseringsarbeidet vårt er i samsvar med plan for økonomisk vinstrealisering.

UTFORDRANDE MÅLOMRÅDE

Utfordringa framover vil vere å ta ut effekten av ny hovudstruktur og forbetrings- og effektiviseringstiltak som er sette i verk og planlagde, gjennom digitalisering av hovud- og støtteprosessane våre. Arbeidet med ytterlegare tilpassingar av organisasjonen vil halde fram for å møte framtidige krav til profesjonalisering og modernisering. I 2018 er den økonomiske ramma for investeringsverksemda høg. Det er viktig å møte denne utfordringa med arbeidsprosessar av god kvalitet som sikrar tilstrekkeleg prioriterte og godkjende prosjekt.

RIKSREVISJONEN

Forsvarsbygg fekk reint revisjonsbrev frå Riksrevisjonen for rekneskapsåret 2016, som for 2015.

RISIKOSTYRING OG INTERNKONTROLL

Risikostyringa og internkontrollen til Forsvarsbygg byggjer på rammeverket til COSO, og er organisert i tre forsvarslinjer. Instruks og prosedyrar fordeler ansvar og styresmakt, slik at etaten har eit tilstrekkeleg godt kontrollmiljø. Vi gjennomfører risikovurdering av målbiletet, mislegheitsrisiko og særskilte risikovurderingar der det blir rekna som føremålstenleg. Risikobiletet har ikkje endra seg vesentleg gjennom året. Det er også i 2017 gjennomført ei modningsvurdering av verksemda si evne til styring og kontroll. Resultatet vil bli brukt til å forbetre den interne styringa og kontrollen. Vi vurderer at internkontroll og risikostyring i etaten er tilstrekkeleg for å sikre måloppnåing og effektiv drift.

INTEGRITETSBYGGING

Forsvarsbygg sin nye verksemdsstrategi trekkjer oss nærare Forsvaret og stadfester rolla vår som ein beredskapsorganisasjon som skal byggje opp under den operative evna til Forsvaret. Ny visjon og nye verdiar er etablerte. Verdiane tillit, ansvar, innsikt og integritet er gjevne eit meiningsinnhald forankra i vår strategi og visjon om å byggje forsvarsevne kvar dag. I løpet av ein halvårsperiode frå mai til 1. januar 2018 vart ny strategi, visjon, verdiar og ny logo tekne i bruk.

Varslingsordninga i Forsvarsbygg blir vareteken av internrevisjonen og er kjend i organisasjonen. Forsvarsbygg deltek i nettverksforumet til sektoren knytt til varslingar, integritet, risikpstyring og internkontroll. Planane og tiltaka våre for haldningar, etikk og leiing inngår som ein integrert del av resten av verksemdsstyringa. Vi gjennomfører etisk dilemmatrening. I tida framover vil det vere eit behov for å vidareutvikle leiingspraksisen i tråd med leiarprinsippa våre og vidareutvikle kulturen for endring.

TRYGGLEIK OG BEREDSKAP

Forsvarsbygg stør opp om forsvarssektoren si operative evne og beredskap gjennom etablering av eigen styrkjestruktur og eit planverk som er avstemt med Forsvaret. Forsvarsbygg si deltaking i øving GRAM hausten 2017 har gjeve oss erfaringar og grunnlag for ytterlegare forbetringar i oppgåveløysing og planverk fram mot NATO-øvinga Trident Juncture hausten 2018.

Nasjonalt kompetansesenter for sikring av bygg (NKSB) er rådgjevingseininga vår for vern og sikring av eigedom, bygg og anlegg. Kompetansesenteret opplever stor etterspurnad både frå forsvarssektoren og sivil, statleg sektor. Forsvarsbygg fekk OSPA-prisen (The Outstanding Security Performance Award) for Sikringshåndboka. Boka er laga for å formidle kunnskap om korleis ein sikrar eigedom, bygg og anlegg mot terror, sabotasje, spionasje og annan kriminalitet.

INFORMASJONSTRYGGLEIK

STYRINGSSYSTEM

Informasjonstryggleiksstyring inngår som ein integrert del av styringssystemet til verksemda. Vi gjennomfører risiko- og sårbarheitsanalysar for å halde oversikt over risikobiletet og moglege trugsmål og sårbarheiter. Vi held ved like eit føremålstenleg og kostnadseffektivt sett av tekniske, fysiske og personellrelaterte tiltak for å sikre konfidensialitet, integritet og tilgjenge for informasjonen. Det blir gjennomført tryggleiksrevisjonar for å følgje opp at tiltaka virkar slik dei skal.

CYBERTRYGGLEIK

Forsvarsbygg varetek nasjonal strategi for informasjonstryggleik og Forsvarsdepartementet sine cyberretningslinjer ved kontinuerleg å forbetre dei teknologiske løysingane våre, oppdatere kompetansen og deltaking i partnarnettverk.

OPPLÆRING OG BEVISSTGJERING

Forsvarsbygg fokuserer på å gje den enkelte medarbeidar nødvendig tryggleiksopplæring med utgangspunkt i arbeidsoppgåver og ansvar til kvar enkelt. Som eit ledd i arbeidet til Forsvarsbygg med opplæring, haldningar og bevisstgjering knytt til informasjonstryggleik, arrangerte vi ein tryggleikskonferanse saman med Forsvarsdepartementet og Forsvarsstaben. Innføring i førebyggjande tryggleik inngår også som ein del av introduksjonsprogrammet som alle nye medarbeidarar må gjennomføre.

5

FRAMTIDSUTSIKTER

Ein ny langtidsplan for forsvarssektoren er vedteken for perioden 2017-2020. Forsvarsbygg skal etablere og forvalte sentral infrastruktur for å realisere måla i langtidsplanen. Ein avgjerande del av dette er å bidra til at ein større del av dei samla ressursane i sektoren blir brukte til operativ verksemd og å stø opp om denne. Utviklinga i Forsvarsbygg vil vere ein konsekvens av struktur- og kapasitetsutviklinga i Forsvaret. Samtidig må Forsvarsbygg i åra framover arbeide kontinuerleg med forbetring og effektivisering av eigen organisasjon og oppgåveløysing for å frigjere ressursar til høgare prioriterte aktivitetar i forsvarssektoren.

MÅL L1

Stø opp om forsvarssektoren si operative evne og beredskap

Eigedomar, bygningar og anlegg (EBA) er ein vesentleg innsatsfaktor som må fungere i fredstid, krise, konflikt og krig. Eigedomane og organisasjonen til Forsvarsbygg må kunne stø opp om treninga og øvingar til Forsvaret på ulike scenario. Dette inneber å halde oppe og vidareutvikle prioriterte bygg og anlegg og å utvikle eigne beredskapsplanar i samarbeid med Forsvaret og det sivile samfunnet.

I 2018 skal Forsvarsbygg leggje til rette for NATO-øvinga Trident Juncture der Noreg er vertskap. Førebuingane til øvinga og læringa i etterkant, vil prege Forsvarsbygg sitt beredskapsarbeid i perioden framover. Den endra tryggingspolitiske situasjonen stiller eit større krav til Noreg om å vere i stand til å ta ansvar for eigen tryggleik. Dette inneber at planverket blir endra. Det er viktig med godt samspel mellom eigedom, bygg og anlegg og det operative planverket. Forsvarsbygg må også vurdere korleis sivile kapasitetar kan bidra i beredskapsarbeidet.

Forsvarsbygg er det nasjonale kompetansesenteret for sikring av bygg. Forsvarsbygg utfører samfunnsviktige oppdrag for forsvarssektoren og andre etatar i statleg sektor. Vi forventar eit høgt aktivitetsnivå for tryggleiksfagleg rådgjeving, prosjektering, forsking og utvikling og risiko- og sårbarheitsanalysar. Forsvarsbygg sine aktivitetar genererer ein stor informasjonsstraum. Informasjonstryggleiksstyring blir derfor eit viktig satsingsområde. Dette er i tråd med auka grad av digitalisering. Ei av utfordringane blir å sikre ein god balanse mellom forventningar og krav om openheit og vern av informasjonen.

MÅL L2

Langsiktig vidareutvikling av eigedomsporteføljа

Forsvarsbygg skal stø opp om ei berekraftig og kostnadseffektiv utvikling av Forsvaret gjennom utvikling av eigedomsporteføljen i samsvar med vedteken struktur. Forsvarssektoren er i omstilling med auka satsing på Forsvaret si operative evne, innføring av nye materiellsystem, ny teknologi, høgare beredskap og klartider. Eigedomsporteføljen skal stø opp om verksemda til Forsvaret og bidra til Forsvaret si kampkraft. Samtidig må strukturen vere berekraftig over tid. Dette inneber å utarbeide gode planar, gjennomføre kosteffektive investeringar og å avhende EBA som sektoren ikkje har behov for. Nye planar som genererer nye EBA-behov, dels gjennom skjerpa operative og beredskapsmessige krav, landmaktutgreiinga, alliert trening og tilrettelegging for mottak av allierte forsterkingsstyrkar, er utfordrande i forhold til å halde oppe ein berekraftig EBA-portefølje. Forsvarsbygg vil bidra til å halde fokus på berekraft og gje gode råd for å effektivisere eigedomsporteføljen. Rammevilkåra for arealbruken i Forsvaret endrar seg også som følgje av sivil utvikling på Forsvaret sine naboareal. Den strategiske dialogen med sivile planstyresmakter er derfor viktig for å vareta Forsvaret sine langsiktige arealbruksinteresser.

Det blir løyvt store summar til investeringar i eigedom, bygg og anlegg med ei klar prioritering av omstilling i Forsvaret og EBA til nye materiellsystem. I tillegg er det store behov for å investere i utskifting og fornying av eksisterande bygningsmasse og infrastruktur. Dei totale investeringsrammene i planperioden er større enn nokon gong. Forsvarsbygg har i nært samarbeid med Forsvarsdepartementet og Forsvaret sett i verk tiltak for å auke investeringsproduksjonen med spesiell vekt på 2018 og 2019. Forsvarsbygg er godt i gang med utbygging av flystasjonen på Ørland for dei nye F-35 kampflya til Noreg. Dette er forsvaret si største satsing på eit materiellsystem nokosinne, og dei første flya har kome til Ørland. Ei rekkje nye viktige bygg, anlegg og infrastruktur vart overleverte i 2017, men framleis vil det bli gjort store utbyggingar på Ørland.

Forsvarsbygg er godt i gang med planlegging av store investeringar på Evenes for nye maritime patruljefly, F-35, luftvern, baseforsvar og andre funksjonar på flystasjonen. Vi planlegg no også for store EBA-investeringar på Haakonsvern i samband med nye undervassbåtar.

Landmakta med Hæren og Heimevernet skal utviklast i samsvar med avgjerder i Stortinget i landmaktproposisjonen. Dette inneber store EBA-investeringar, spesielt i Finnmark og Troms. Planlegging for desse EBA-investeringane startar i 2018, og bygg og anlegg vil bli ferdigstilte i takt med utviklinga av landmakta fram mot 2025.

Auka satsing på alliert trening og mottak av allierte forsterkingsstyrkar krev nøkterne og gode EBA-tiltak. Dette vil bli løyst gjennom gjenbruk, sambruk og andre nøkterne EBA-tiltak. Det blir stilt auka krav til vern og sikring av Forsvaret sine basar. Sektoren har derfor prioritert store ressursar, inkludert EBA til dette. I samsvar med langtidsplanen for Forsvaret skal Forsvaret avvikle verksemda ved fleire basar, (blant anna Andøya, Bodø, Kjevik og Kjeller). Dette medfører stor avhendingsverksemd som no er under planlegging, med tilrettelegging for ny sivil bruk. Nye logistikk- og forsyningskonsept, IKT-løysingar og ny bustadpolitikk vil gje fleire høve for å effektivisere eigedomsporteføljen. Det er nødvendig med ein reduksjon i eigedomsporteføljen for at han skal vere berekraftig over tid.

MÅL L3

God forvaltning av forsvarssektoren sine eigedomar, bygg og anlegg

Forsvarsbygg skal sikre at EBA i Forsvarssektoren er berekraftig og kostnadseffektiv. Dette skal gjerast gjennom langsiktig verdibevarande forvaltning av eigedomsporteføljen, medrekna økonomisk verdi, bruksverdi og verneverdi. Det overordna målet med forvaltninga er at all ressursbruk skal skape funksjonell EBA som tilfredsstiller brukarane sine behov og sikrar best mogleg totaløkonomi i forsvarssektoren. Ressursinnsatsen skal vareta lovpålagde krav for heile porteføljen og prioriterast mot bruksverdien på basar som skal vidareførast i forsvarsstrukturen.

Trass i store EBA-investeringar er det utfordringar med forsvarssektoren sin eigedomsportefølje. Tilstandsgraden har hatt ei negativ utvikling dei seinare åra. Alderen på dagens EBA gjer at vi dei neste ti åra står framfor eit stort behov for fornying. Det er derfor avgjerande å sjå innsatsfaktorar og strenge prioriteringar i samanheng for å få mest mogleg ut av pengane.

For at verdibevaringa av eigedomsporteføljen skal bli berekraftig over tid, er det nødvendig å redusere areal gjennom avhending av EBA og arealeffektivisering. Standardisering og nøktern praksis er også nøkkelord for å få ned kostnadene. Ved innføringa av ålmenn verneplikt er det gjennomført ei registrering av behov for tilpassing og ombygging av bygg. Forsvarsbygg vil saman med Forsvaret utarbeide ei prioritert liste for gjennomføring av tiltaka innan utgangen av 2020.

MÅL Ø1

Resultat i samsvar med budsjett og kostnadseffektiv drift av verksemda

Utviklinga av Forsvaret inneber store investeringar i eigedom, bygg og anlegg. Utbygginga av flystasjonen på Ørland for nye F-35 kampfly og ein samla base for framskotne kampflyoperasjonar og maritime patruljefly på Evenes er to av satsingane som framleis vil prege Forsvarsbygg sin innsats i mange år. For å omsetje dei økonomiske rammene til infrastruktur som bidreg til kampkraft og berekraft, er vi avhengige av eit nært og godt samarbeid med brukar og eigar. Slik vil tildelte midlar kunne utnyttast fullt ut. Ein sektor med store strukturelle endringar kan gje Forsvarsbygg utfordringar med å utnytte ressursane maksimalt det enkelte år. Forsvarsbygg må derfor i større grad planleggje prosjekt som kanskje ikkje blir gjennomførte.

Frå 2017 og fram mot 2020 skal Forsvarsbygg ytterlegare frigjere 253,7 millionar kroner til prioriterte aktivitetar i sektoren. For å få til dette vil vi jobbe med leverandørsida, der ein hovuddel av omsetninga skjer. Strategisk anskaffingsarbeid, digitalisering og prosessforbetring er hovudaktivitetane i dette arbeidet. Vi har lagt bak oss eit arbeid med å redusere kostnader til stab- og støttefunksjonar. I tida framover vil vi jobbe med å realisere og behalde den planlagde effekten av dette arbeidet. Som eit ledd i å sikre god styring og kostnadseffektiv drift utviklar Forsvarsbygg økonomi- og styringsmodellar for å kunne finne, ta ut og dokumentere effektiviseringsvinstar.

Elles vil Forsvaret også i komande periode utrangere eigedomar, bygningar og anlegg som ikkje lenger trengst i den operative strukturen. Arealreduksjonen bidreg til å frigjere økonomiske ressursar til andre prioriterte område for forsvarssektoren.

MÅL I1

Kontinuerleg forbetring og effektivisering

Forsvarsbygg jobbar for å redusere dei årlege drifts- og investeringskostnadene i sektoren for eigedom, bygg og anlegg. Dette inneber både å vere ein aktiv rådgjevar og pådrivar for arealeffektivitet i forsvarssektoren. Forsvarsbygg som organisasjon vil endrast som konsekvens av både strukturavgjerder og andre endringar i behova og etterspurnaden til forsvarssektoren. Uavhengig av dette vil tida framover bli prega av arbeidet med kontinuerleg å forbetre prosessar og arbeidsoppgåver.

Forsvarsbygg har teke i bruk Lean-metodikk i eit internt program kalla flyt. Føremålet er å utvikle organisasjonskulturen gjennom prosessforbetringar, medarbeidarinvolvering og kultur for læring. Ambisjonane er å oppnå kostnadsinnsparingar, meir effektive prosessar og betre kvalitet i leveransane. Ein sentral del av forbetringsarbeidet handlar om å digitalisere prosessar og leveransar. I tillegg blir det viktig å auke innsikta i eigedomsporteføljen sine kapasitetar og tilstand for å forbetre planlegginga og styringa av denne. Digitaliseringsarbeidet handlar også om å følgje, påverke og nyttiggjere seg den digitale utviklinga i eigedomsbransjen, forsvarssektoren og samfunnet elles.

Eit viktig verkemiddel for effektivisering og omstilling i forsvarssektoren har vore etableringa av ein forvaltningsmodell med prinsipp om kostnadsdekkjande leige. Forvaltningsmodellen er meint å skulle gje gode incentiv i styring av ressursar brukte til eigedom, bygg og anlegg. Arbeidet med å evaluere modellen er sett i gang, og resultatet av evalueringa vil kunne påverke incentiva til vidare effektivisering i perioden.

6

ÅRSREKNESKAP



Forsvarsbygg avlegg rekneskap etter to finansielle rammeverk, det vil seie kontantrekneskap etter vilkåra i statsrekneskapen og periodisert berksemdsreknskap i samsvar med dei statlege rekneskapsstandardane (SRS).

LEIINGSKOMMENTAR ÅRSREKNESKAPEN 2017

FØREMÅL

Forsvarsbygg vart oppretta i 2002 og er underlagt Forsvarsdepartementet. Samfunnsoppdraget til Forsvarsbygg er planlegging, innkjøp, drift og avhending av forsvarssektoren sine eigedomar, bygg og anlegg (EBA) med føremål om å understøtte målsetjinga om å etablere eit forsvar for tida vi lever i. I tillegg forvaltar Forsvarsbygg militære festningar med føremål om å skape nytt liv på historisk grunn. Årsrekneskapen utgjer kapittel 6 i årsrapporten til Forsvarsbygg.

STADFESTING

Forsvarsbygg avlegg rekneskap etter to finansielle rammeverk, det vil seie kontantrekneskap etter vilkåra i statsrekneskapen, og periodisert verksemdsrekneskap i samsvar med dei statlege rekneskapsstandardane (SRS).

Årsrekneskapen er avlagt i samsvar med reglar om økonomistyring i staten med tilhøyrande rundskriv frå Finansdepartementet (R-115) og krav frå Forsvarsdepartementet i instruks om økonomistyring. Eg meiner rekneskapen gjev eit dekkjande bilete av Forsvarsbygg sine disponible løyvingar, rekneskapsførte utgifter, inntekter, eigedelar og gjeld.

RESULTATDISPONERING

Forsvarsbygg har i rekneskapen for 2017 overført Forsvarsdepartementet totalt 331 millionar kroner kontant, av desse utgjer 670 millionar netto overskot ved sal av eigedom, bygg og anlegg. Resterande 339 millionar kroner gjeld netto løyvd på driftskapittelet.

Husleigemodellen med fakturering av eit kapitalelement i leiga er etter Statleg rekneskapsstandard ikkje resultatnøytralt, då det inngår i driftsresultatet. På bakgrunn av dette er kapitalelementet avvikla frå og med rekneskapsåret 2017. Dette påverkar samanlikningstala frå tidlegare år då desse inntektene vart tilbakeførte direkte til Forsvarsdepartementet.

Totalt hadde Forsvarsbygg eit driftsresultat på 646 millionar kroner i 2017, som utgjer 10,7 prosent av den totale omsetninga. Hovuddelen av driftsresultatet gjeld inntekter knytte til sal av eigedomar, bygg og anlegg.

Det blir vist til gode resultat for avhendingsverksemda, der det største salet for året, Myntgata 2 til Oslo kommune, vart sluttført med ei formell overlevering frå Forsvarsbygg til Oslo kommune 1. august 2017.

VURDERING AV LØYVINGSREKNESKAPEN

Dei samla løyvingane til Forsvarsbygg til drift og investeringar i 2017 var 7 230 millionar kroner. Totalt er 95 prosent av tilgjengeleg ramme brukt i driftsåret og gjev samla sett eit mindreforbruk. Totalt viser driftskapittelet ei mindreutgift på 12,3 millionar kroner.

Kontantresultatet på 4710 post 47, sal av eigedom, bygg og anlegg mot ei justert ramme på 670 millionar kroner. Resultatet inkluderer ferdigstillinga av sal av eigedom på Værnes til Avinor.

Kapittel 1710 post 45 Innreiing viste totalt eit mindreforbruk på 157,5 millionar kroner. Mindreforbruket kan forklarast av forseinka framdrift i enkelte EBA-prosjekt, og utfordringar knytte til anskaffing av målmateriell.

MELLOMVERANDE

Mellomverande med statskassa utgjorde pr. 31.12.2017 totalt 33,8 millionar kroner og består i hovudsak av krav knytte til skuldig skattetrekk og offentlege avgifter. Oppstillinga av artskontorapporteringa viser kva slags gjeldspostar mellomverande består av.

TILLEGGSOPPLYSNINGAR

Riksrevisjonen er ekstern revisor og stadfestar rekneskapen for Forsvarsbygg. Årsrekneskapen er ikkje ferdig revidert per dags dato, men revisjonsmeldinga er venta å liggje føre i løpet av 2. kvartal 2018. Meldinga er unnateke offentleg innsyn fram til Stortinget har fått Dokument 1 frå Riksrevisjonen. Meldinga vil bli publisert på sida til departementet så snart dokumentet er offentleg.

OSLO, 31.01.2018

Svein Thorbjørn Thoresen
DIREKTØR FORSVARSBYGG

RESULTATREKNESKAP

TAL I 1 000 KRONER

DRIFTSINNTEKTER	notar	**31.12.2017**	31.12.2016
Inntekt frå løyvingar	1	1 982 431	1 925 326
Inntekt frå tilskot og overføringar	1	7 902	60 779
Inntekt frå gebyr			
Sals- og leigeinntekter	1	3 383 168	4 682 686
Andre driftsinntekter	1	668 524	297 480
Sum driftsinntekter		6 042 025	6 966 271
Driftskostnader			
Varekostnader		3 239 972	3 266 885
Lønskostnader	2	835 020	920 575
